

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordfører gav slikt svar:

Fylkesordfører har ikkje kjennskap til at det går føre seg konvertingsterapi i eller i tilknytning til dei offentlege vidaregåande skulane i fylket.

Arbeidet for inkludering er ein sentral del av fylkeskommunen sitt oppdrag med å sikre at alle elevar har eit godt og trygt psykososialt miljø i tråd med krava i Opplæringslova § 1.1 og Oppl. kapittel 9a.

Dei fleste oppdagar si seksuelle orientering og eigen kjønnsidentitet i løpet av ungdomstida, og skulen er ein viktig arena for identitetsarbeid. Lesbiske, homofile, bifile, og transpersonar (Lhbt) under 30 år opplever høgare grad av psykiske helseutfordringar. Lhbt-perspektivet krev såleis ei særskild merksemd frå skule og helsevesen for å auke kunnskapen i skulen og redusere negative haldningar mot lhbt-befolkninga.

Undervisninga i skulane er ofte heteronormativ. Sjølv om ein gjerne har dei beste intensjonar om å legge til rette for eit inkluderande skulemiljø og undervisning, kan det mangle kompetanse om korleis ein i større grad kan sikre at lhbt befolkninga opplever å vere inkludert på ein likeverdig måte. Å vere inkluderande handlar mellom anna om å bruke eit ope språk og medverke til positiv synleggjering. Fylkeskommunane har plandokument som skal setje retning på arbeidet med likeverd, mangfald og likestilling. Dette er eit arbeid som vert følgt opp på alle nivå i opplæringssektoren.

Det er viktig å halde fram arbeidet for å auke kompetansen i vidaregåande skular i dialog med kommunehelsetenesta og relevante kompetansemiljø, men fylkesordføraren ser ikkje at det lagt fram informasjon som medfører at det grunnlag for å gå ut med konkrete undersøkingar rundt spørsmål om konvertingsterapi.